



Årsmelding 2022



Voss DPS
NKS Bjørkeli

Voss DPS NKS Bjørkeli

Voss DPS NKS Bjørkeli A/S (Voss DPS) gjev tilbod om utgreiing og behandling av personar over 18 år med psykiske lidingar. Opptaksområdet vårt i 2022 var kommunane Voss, Vaksdal, Kvam, Ulvik og Eidfjord. Til saman utgjer dette ca. 24 000 vaksne, fordelt på eit geografisk areal på 5 500 km².

Organisasjonskartet såg slik ut i 2022:



Styret i Voss DPS er leia av styreleiar Ragnhild Skjerveggen. Direktør ved senteret er Frédéric Larsen. Voss DPS har driftsavtale med Helse Vest RHF. Voss DPS er eigd av N.K.S. Vestland-Sør

Aktivitet 2022

	Tilvisingar		Snitt liggetid (dagar)
Poliklinikkane	-	10273	-
Døgn (12 senger)	-	131	23
Sum	731	-	-

Brukarstyrt plass

Voss DPS har tilbod om brukarstyrt plass der pasientane sjølve kan ta kontakt for ei kortvarig innlegging utan tilvising frå lege. 11 pasientar hadde avtale om brukarstyrt plass i 2022. Det var 16 brukarstyrte innleggingar.

Brukarutval

Voss DPS har brukarutval der 2 brukarar er faste medlem. I tillegg vert pasientar ved døgnavdelinga inviterte med på møta. 2 tilsette er medlemmer. Utvalet tek opp saker som gjeld tilbodet ved Voss DPS og kjem med forslag til endringar og forbetringar. Utvalet fungerer som eit rådgjevande organ for Voss DPS. Det var 4 møte i brukarutvalet i 2022.

Kvalitet

Voss DPS har fokus på kvalitet i tenestene og skal levera på gjeldande kvalitetsindikatorar. Det vert arbeidd kontinuerleg med kvalitetsforbetring, og me har gode system som tek hand om rapportering og oppfylging av avvik. Voss DPS har Kvalitets og pasientsikkerheitsutval (KPU) som ledd i kvalitetskontrollen. Det var 4 møte i KPU i 2022.

Det vart i 2022 registrert til saman 91 avvik ved Voss DPS.

Helse, miljø og sikkerheit

Vernetenesta ved Voss DPS har 3 verneombod. Siv Iren Helle er hovudverneombod. AMU hadde 4 møte i 2022. Bedriftshelse1 deltek på møta i AMU. Det er utarbeidd eigen årsmelding for AMU-arbeidet.

Studentar i praksis

I 2022 var fem sjukepleiarstudentar i grunnutdanning, to sjukepleiarstudentar i vidareutdanning, ein vernepleiarstudent, fire legestudentar, ein psykologstudent og ein student frå fagskulen i Hordaland i praksis hjå oss.

Tilsettingar

I 2022 tilsette me fleire psykologar: Yngvild Geiring Wikne, Nina Marie Larsen og psykologspesialist Gunnhild Ravnstad. Av legar tilsette me Signe Friis i eitt års engasjement, og Mari Harkjerr i ALIS-stilling for eitt år.

Poliklinikkane

Avdelingsleiar: Cathrine Stue Børhaug

Avdelinga har 2 seksjonar: Allmennpsykiatrisk poliklinikk med gruppeteam og Rehabiliteringspoliklinikken. Desse har kvar sin teamleiar, høvesvis Bjørg Synnøve Aasan og Kari Kløve. Overlege Synnøve Klette er koordinator for gruppeteamet i allmennpoliklinikken.

Avdelinga har ei tverrfagleg samansetning av lege, psykolog, ergoterapeut, klinisk sosionom, sjukepleiar og vernepleiar, alle med ulike vidareutdanningar.

Døgnavdeling

Avdelingsleiar: Anne Kari Gjeraker

Døgnavdelinga er ei allmennpsykiatrisk avdeling med 12 senger. Behandlingstilbod er kartlegging/diagnostisering, medisinvurdering, korte stabiliseringsopphald, miljøterapi og individuell terapi. Behandlinga er individuelt tilpassa. Det vert jobba med å laga målretta og gode behandlingsplanar i tett samarbeid med pasienten.

Perinatal mental helse

Me etablerte i 2022 eit samarbeidsprosjekt med Helsestasjonen i Voss herad, BUP (Helse Bergen), fødeavdelinga ved Voss Sjukehus og barnevernet på Voss. Me arrangerte eit 2-dagars fagseminar med førelesarar som er spesialister på området perinatal mental helse; Gro Vatne Brean og Are Brean. Fokuset i prosjektet er samarbeid mellom dei ulike aktørane som møter mor og barn i barnet sitt første leveår, for å sikra god psykisk helse for mor og bidra til god psykisk helse for barn på lengre sikt. Samspel mellom mor og barn er særleg vektlagt.

I prosjektperioden har eit samhandlingsteam med fagpersoner frå dei ulike tenestene hatt regelmessige møte med rettleiing av Gro Vatne Brean. Det vert no arbeidd med å etablere ein fast rutine for samarbeid. Prosjektet har fått mykje merksemd frå andre kommunar og sjukehus. Dette viser at det er behov for meir kunnskap og arbeid på området.



Rådgjevar Sissel Nedkvitne og direktør Frédéric Larsen tek imot diplom frå ordførar Hans-Erik Ringkjøb (Foto: Geir Getle, avisa Hordaland)



Sekretærene Laila Storevik og Evelynn-Merethe Soltvedt ynskjer alle velkomne til Verdensdagen for psykisk helse

Miljøfyrtårn

I 2022 vart me sertifisert som Miljøfyrtårn. Meir informasjon og miljørapportar er å finna på heimesidene våre.

Verdensdagen for psykisk helse

Dagen vart markert 10. oktober med stand i resepsjonsområdet og eit mindre arrangement på Døgn. Det vart delt ut materiell om psykisk helse, refleks og «stresshjarte». Kaffi og litt å bita i vart servert til alle som var innom. Tema for årets markering var «Vi trenger hverandre. Løft blikket.»

MAP

MAP tyder *Møte med aggresjonsproblematikk*. Tre av våre tilsette har tatt kurs for å bli godkjende MAP-instruktørar. Desse er Terje Gjernes (vernepleiar), Tone Kristoffersen (spesialsjukepleiar) og Kristine Skjønberg (spesialsjukepleiar). Dei har i 2022 sørga for at over 70 % av våre tilsette har fått 2-dagars grunnkurs i MAP.



Eit utval tilsette på MAP-kurs

Pegasus

Pegasus er eit psykoedukativt gruppebasert program for vaksne med ADHD og deira næraste pårørande. Programmet er manualbasert og delt inn i åtte forelesningar, kvar på 2,5 timar. Jenny Tøn og Synnøve Klette er kursansvarlege, og fleire interne og eksterne forelesarar har bidratt i programmet.

IPS

IPS er eit tilbod som har som mål å skaffa ordinært arbeid til pasientar som ynskjer å koma ut i arbeidslivet. Prosjektet er et samarbeid mellom Voss DPS, Nav Voss og Nav Kvam. Prosjektet går over 3 år med mål om å verta eit fullverdig integrert tilbod i drifta etter endt prosjektperiode. 2022 var det tredje og siste året i prosjektperioden. Prosjektet vert videreført delvis i drift med NAV som arbeidsgjevar.



Overlege Synnøve Klette og klinisk sosionom Jenny Tøn

Nytt møterom

Styret vedtok å setja av midlar til oppgradering av møterommet i fyrste høgd i bygg 1. Ein komité sett saman av Henriette Gjeraldstveit, Borgny Instanes og Siv Iren Helle utarbeidde forslag og innhenta prisar til prosjektet. Vaktmeister Steinar Kvarme bidrog med innspel og kompetanse, i tillegg til utføring. Me hadde god hjelp frå Voss Kommunikasjon for å sikra gode tekniske løysningar. Møblane kjøpte me lokalt, i tråd med strategien vår, hjå TeBe.

Møterommet er oppkalla etter Goro Lærum, som var ein av tre viktige kvinner bak etableringa av Bjørkeli som psykiatrisk sjukeheim tilbake i 1973.

Styret ved Voss DPS NKS Bjørkeli AS, etter generalforsamling, 02.06.2022

Ragnhild Skjerveggen (styreleiar)
 Olaus Borge (nestleiar/styremedlem)
 Bjørg Wiers (styremedlem)
 Marianne Bergtun (styremedlem)
 Annbjørg Laupsa (styremedlem)
 Steinar Kvarme (styremedlem, valt av dei tilsette)
 Nina Marie Larsen (styremedlem, valt av dei tilsette)

Det var fire styremøte i 2022.

Voss DPS NKS Bjørkeli, 31.05. 2023
Frédéric Larsen
 Direktør



Utsnitt av nytt møterom med moderne fasilitetar og god atmosfære

Resultatrekneskap for 2022

	2022	2021
Driftstilskot Helse Vest	76 337 133	72 738 756
Andre inntekter/refusjonar	5 083 587	6 977 800
Sum driftsinntekter	81 420 720	79 716 556
Pasientkostnader	6 085 215	825 242
Lønskostnader m.m	63 638 093	65 000 393
Avskrivning på driftsmidlar	2 983 798	2 858 302
Andre driftskostnader	6 247 558	5 218 950
Sum driftskostnader	78 954 664	73 902 887
Driftsresultat	2 466 056	5 813 669
Resultat finanspostar	1 353 059	1 211 407
Årsresultat	1 112 997	4 602 262



Voss DPS
NKS Bjørkeli

Voss DPS NKS Bjørkeli
Bjørkelivegen 27, 5705 Voss
Telefon 56 51 40 00
post@bjorkeli.no / www.bjorkeli.no
org.nr. 916 270 097